

Se mottakertabell

Saksbehandler: Nora Torgersen

Vår ref: 26/02241-2

Vår dato: 14.09.2026

Deres ref:

Deres dato:

Informasjon om nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanningane 2. desember 2026 (nynorsk)

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) ansvar for nasjonal eksamen innan utvalde studieprogram i høgare utdanning i Noreg.

Nasjonal deleksamen i matematikk for GLU 1-7 og GLU 5-10 blir gjennomført som ein fire timar lang skriftleg skuleeksamen. Denne eksamen utgjer fem studiepoeng under det overordna matematikkemnet, og testar temaet «algebraisk tenking» på eit nasjonalt nivå. Sjå Nasjonale retningslinjer for lærerutdanningane for meir informasjon her: <https://www.uhr.no/temasider/nasjonale-retningslinjer/nasjonale-retningslinjer-for-larerutdanningene/>

Det er oppnemnt to faggrupper som utviklar separate eksamenar for høvesvis GLU 1–7 og GLU 5–10. Eksamenane blir likevel haldne samtidig. I tillegg er det oppnemnt ei felles referansegruppe som kvalitetssikrar eksamenane. Sjå kven som deltek i dette arbeidet, og meir informasjon om eksamen, her: <https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/nasjonal-deleksamen/nasjonal-deleksamen-for-grunnskolelærerutdanningene-glu-17-og-510/>

Praktisk informasjon

Nasjonal deleksamen i matematikk vil for fjerde gong bli gjennomført i NOKUTs lisens av Inspira og WISEflow. For andre gong vil eksamen gjennomførast med integrasjon frå Felles Studentsystem (FS) for WISEflow.

For studentane er det lite som skil denne eksamenen frå andre eksamenar, bortsett frå at dei loggar inn med Feide i NOKUTs lisens av Inspira eller WISEflow, alt etter kva system institusjonen til vanleg brukar. Studentane må òg inn i NOKUT si lisens av Inspira eller WISEflow for å sjå si grunngeving.

For å sikre god informasjon og klar arbeidsdeling inviterer NOKUT eksamenskontora til eit informasjonsmøte før eksamen. Det er frivillig å delta. Ein eksamensinstruks blir sendt ut i PDF-format til alle eksamenskontor i god tid før eksamen.

Eksamensdato er 2. desember kl. 09.00-13.15.

Sensurfrist er 23. desember kl. 12.00.

Utgifter til sensur

Institusjonane betaler for sensureringa av kandidatsvara. NOKUT dekkjer kostnadene med utarbeiding av eksamensoppgåver, samsensur og kalibrering. NOKUT betaler honorar direkte til sensorane og fakturerer institusjonane i etterkant basert på talet på innsendte kandidatsvar.

Oversikt over kommande eksamensdatoar

- 20. mai 2027
- 30. november 2027

Med helsing

Kjetil Sletteng Ulvik
seksjonssjef

Nora Torgersen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert.

Vedlegg: Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2026 i WISEflow (nynorsk)
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2026 i Inspira (nynorsk)

Mottaker	Kontaktperson	E-post	Adresse	Post
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU		postmottak@ntnu.no	Postboks 8900 Torgarden	7491 TRONDHEIM
NORD UNIVERSITET		postmottak@nord.no	Postboks 1490	8049 BODØ
UNIVERSITETET I SØRØST-NORGE		postmottak@usn.no	Postboks 4	3199 BORRE
OSLOMET - STORBYUNIVERSITETET		postmottak@oslomet.no	Postboks 4 St.Olavs Plass	0130 OSLO

UiT - UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET		postmottak@uit.no	Postboks 6050 Stakkevollan	9037 TROMSØ
HØGSKOLEN I ØSTFOLD		postmottak@hiof.no	Postboks 700	1757 HALDEN
HØGSKULEN I VOLDA		postmottak@hivolda.no	POSTBOKS 500	
NLA HØGSKOLEN AS		post@nla.no	Postboks 74	5812 BERGEN
UNIVERSITETET I AGDER		post@uia.no	Postboks 422	4604 KRISTIANSAND S
UNIVERSITETET I STAVANGER		post@uis.no	Postboks 8600	4036 STAVANGER
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET		post@hvl.no	Postboks 7030	5020 BERGEN
UNIVERSITETET I INNLANDET		postmottak@inn.no	Postboks 400 Vestad	2418 ELVERUM